

Til
Idrettskrinsstyret
Særkrinsane
Idrettsråda
Idrettslaga
Leiar kontrollkomiteen i idrettskrinsen
Tilsett revisor
Leiar i valnemnda

Vår referanse:
Deres referanse:
Dato: 11.januar 2018

Innkalling til idrettskrinstinget 2018

1. Innkalling

Styret i Sogn og Fjordane Idrettskrins, kallar med dette inn til det 45. ordinære idrettskrinsting, jf SFIK - lov § 11 og vedtak på idrettskrinsstinget 9.april 2016.

Stad : Quality Hotel Sogndal

Tid : Laurdag 14. april 2018. Tinget vert sett kl. 10.00

Gjer merksam på at det fredag 13. april vert eit eige Fagseminar.
Detaljinformasjon vert sendt ut seinare.

2. Innmelding av saker

Organisasjonsledd som ønskjer å fremje saker på tinget må sende desse til idrettskrinsen seinast 2 månader før tinget, dvs. innan 14.februar 2018, jf SFIK lov § 12.

3. Saker til handsaming

For saker som skal handsamast på idrettskrinstinget syner vi til SFIK si lov § 15, lova er tilgjengeleg på www.idrettskrinsen.no
Fullstendig sakliste med vedlegg og program vil bli sendt organisasjonsledda seinast 1 månad før tinget (jfr. SFIK si lov § 12).

4. Representasjon på tinget

Følgjande har representasjonsrett (jfr. SFIK si lov § 13)

4.1 Idrettskrinsstyret

4.2 Særkrinsar totalt 45 representantar

45 representantar frå særkrinsar / regionar og bedriftsidretten med grunnlag i talet på klubbar.

Særiddrettar som er organisert i regionar eller særkrinsar må ha minst 5 klubbar i Sogn og Fjordane for å ha representasjonsrett.

Representantane må kome frå idrettslag i Sogn og Fjordane.

Det kan møte opp til 5 representantar frå den enkelte særkrins.

Fordeling:

- | | |
|---------------------|---|
| 1. Grunnlag | : 2 representantar |
| 2. Minst 50 klubbar | : 3 tilleggsrepresentantar |
| 3. 30 - 49 klubbar | : 2 tilleggsrepresentantar |
| 4. Rest | : Fordelast etter antal klubbar med 1 representant til kvar, så langt talet rekk. |

Ved likt tal medlemsklubbar, vert hovudlaga sitt samla medlemstal pr. 01.01 året før idrettskrinstinget lagt til grunn for tildeling av dei siste representantane.

Representantar for særkrinsar, idrettsråd og klubbar må vere valt på årsmøte/ting eller oppnemnt av styret etter fullmakt frå årsmøtet og gitt melding til idrettskrinsen seinast ei veke før tinget.

4.3. Idrettsråda totalt 45 representantar

- Alle idrettsråd gis representasjonsrett.
- Talet på idrettsmedlemmer i kommunen er kriterium for talet på representantar.
- Resttalet på IR-representantar vert fordelt etter storleik så langt representanttalet rekk.
- Det kan møte opp til 5 representantar frå det enkelte idrettsråd.

Fordeling:

1. Kwart idrettsråd 2 repr.
2. Idrettsråd med over 4000 medl. 3 repr. i tillegg.
3. Idrettsråd med over 3500 medl. 2 repr. i tillegg.
4. Rest vert fordelt ut frå talet på medlemmer, med 1 tilleggsrepresentant så langt det samla talet på representantar rekk.

4.4. Idrettslaga

1 representant frå kvart idrettslag.

4.5 Leiarar i fagleg utval/komitear.

- 4.5.1 Kontrollkomiteen
- 4.5.2 Valkomite
- 4.5.3 Revisor

5. Fullmakt

Årsmøteprotokoll, med val av representantar på saklista, gjeld som fullmakt ved representasjon på idrettskrinstinget.

Styret kan også nemne opp representantane etter fullmakt frå årsmøtet.

Utskrift herfrå må sendast inn saman med vedlagte fullmaktskjema.

Fullmaktskjema for utfylling følgjer vedlagt.

6. Økonomi

Representantane (organisasjonsledda) må sjølve dekke sine utgifter.

7. Deltaking frå begge kjønn

Idrettskrinsstyret minner om NIF si lov 2- 4 (Kjønnsfordeling) der det m.a. heiter:

Ved val/oppnemning av representantar til årsmøte/ting samt medlemmer til styre, råd og utval i NIF og NIF sine organisasjonsledd, skal det veljast kandidatar/representantar frå begge kjønn.

Samansettingen skal vere høvesvis i samsvar med kjønnsfordelinga i medlemsmassen, likevel slik at det skal vere minst to representantar frå kvart kjønn i styre, råd og utval mv. med meir enn 3 medlemmer. I styre, råd og utval mv. som har 2 eller 3 medlemmer, skal begge kjønn vere representert.

Varamedlemmer tel ikkje med ved utrekning av kjønnsfordelinga.

8. Påmelding

For påmelding til Idrettskrinstinget fyll ut fullmaktskjema og sende det scanna til sognogfjordane@idrettsforbundet.no eller pr. post til Sogn og Fjordane Idrettskrins, Postboks 221, 6802 Førde. Opplys i e-posten om de treng overnatting eller ikkje.

Merk:

Fullmaktsskjema til Idrettskrinstinget må fyllast ut, signerast og sendast

snarast – seinast 14. mars 2018

Lov for Sogn og Fjordane Idrettskrins er tilgjengeleg på: www.idrettskrinsen.no

Idrettskrinsstyret ønskjer vel møtt til det 45. ordinære idrettskrinsting.

Med helsing
Sogn og Fjordane Idrettskrins
Nils R Sandal (s.)
Leiar

Anne Leversund (s.)
Organisasjonssjef

Vedlegg: 1. Representantfordeling særkrinsar, idrettsråd og idrettslag
2. Fullmaktskjema.

Kopi: Norges idrettsforbund

IDRETTSKRINSTINGET 2018 REPRESENTANTFORDELING SÆRKRINSAR

SÆRKRINS/REGION:	TAL LAG	GRUNNLAG	TILLEGG	SUM
	31.12.16			
Fotballkretsen	64	2	3	5
Friidrettskrinsen	64	2	3	5
Skikrinsen	49	2	2	4
Handball Region Vest	30	2	1	3
Skyttarkrinsen	24	2		2
Volleyballkrinsen	23	2		2
Gymnastikk og Turnkrinsen	14	2		2
Symjekrinsen	13	2		2
Sykkel Region Vest	11	2		2
Ryttarkrinsen	11	2		2
Orienteringskrinsen	10	2		2
Skiskyttarkrinsen	9	2		2
Bandykrinsen	9	2		2
Bedriftsidrettskrinsen	8	2		2
Motorsport Region Vest	7	2		2
Bogeskyttarkrinsen	7	2		2
Vektløftarkrinsen	7	2		2
Styrkeløft Region Vest	6	2		2
Sum Særkrinsar/regionar		36	9	45

Idrettsråd neste side.

IDRETTSKRINSTINGET 2018 REPRESENTANTFORDELING IDRETTSRÅD OG IDRETTLAG

IDRETTSRÅD	TAL MEDL. 2016	GRUNNLAG	TILLEGG	SUM
Sogndal	4193	2	3	5
Førde	4166	2	3	5
Gloppen	3845	2	2	4
Flora	3785	2	2	4
Stryn	3489	2	1	3
Eid	2774	2		2
Årdal	2115	2		2
Luster	1950	2		2
Høyanger	1874	2		2
Vågsøy	1602	2		2
Fjaler	1480	2		2
Bremanger	1471	2		2
Selje	1054	2		2
Lærdal	1049	2		2
Gulen	985	2		2
Askvoll	922	2		2
Vik	776	2		2
Naustdal	1368	0		0
Jølster	1188	0		0
Gaular	1118	0		0
Leikanger	843	0		0
Aurland	658	0		0
Balestrand	557	0		0
Hyllestad	403	0		0
Solund	321	0		0
Hornindal	271	0		0
Sum	44257	34	11	45

IDRETTLAG	1 representant frå kvart idrettslag
------------------	-------------------------------------

Særkrinsar førre side.

IDRETTSKRINSTINGET 14. APRIL 2018

FULLMAKTSKJEMA

Retur innan 14. mars.2018

Sogn og Fjordane Idrettskrins
Boks 221
6801 Førde

Tlf. 57 76 12 10

E-post: sognogfjordane@idrettsforbundet.no

Som vår(e) representant(ar) til det 45. ordinære idrettskrinsting i
Sogndal , Quality hotel Sogndal 14. april 2018:

Namn på organisasjonsledd

OBS! Skriv med blokkbokstavar!

REPRESENTANTAR	ADRESSE	Overnatting fredag/laurdag?
1.		
2.		
3.		
4.		
5.		
VARAREPRESENTANTAR		
1.		
2.		
3.		

underskrift

underskrift

NB ! Skjemaet kan ikkje underskrivast av repr. eller vararepr.

underskrift